


LØRDAGS-Avisen

Hardt slit tok ikkje knekken på Hanna Hellen:

– Ufattelig at me ikkje svalt



Å verta enkje to månader før krigsutbrotet i 1940 med 8 born under 15 år å forsyta, var ikkje til å spøkja med. Dette var likevel den harde lagnaden til den no snart 76 årige Hanna Hellen frå øya Goddo som høyrer til Bømlo kommune. Krigsåra var harde for den store familien, og som Hanna sjølv seier det: – Det var ufatteleg at me ikkje svalt. Men med felles innsats frå mor og born gjekk livet sin gong frå dag til dag på den verharde og isolerte plassen tett med sjøkanten, og med ein halv kilometer ulendt terreng til næraste nabo.

AV BJARTE AMBLE

Ja, Hanna bur på ein plass der ingen skulle tru at nokon kunne bu, og det er tydeleg at det var med tanke på sjøen som leveveg at svigerfar hennar, Ole Martin Kloven, bygde huset i 1920. Og sjøen var det som var med på å livberga også denne familien under krigsåra. I dag kan Hanna sitja roleg i sofakroken med striketoget sitt og tenkja attende på strevet og ansvaret ho den gong hadde med å halda liv i familien. Ei lita kvinne utan store ord, det grå håret stroken akterover og samla med eit finmaska hårnett. Eit mildt andlet og rolege hender som effektivt handterer strikkepinnar og heklenål utan problem.

Ingen som møter Hanna kan merka spor på henne etter dei lange og mange nettene ho sat oppe for å sy klede til barneflokkene, eller etter elle returanne til Brandasund i allslags ver for å kjøpa mat, for ikkje å snakka om dei mange turane i robåt for å dra garn i seine kveldstimar etter at mørket var falle på. – Du skjonar gutane var så ivrige etter å fiska at dei måtte ut å dra garn og hummerteiner to gonger for dagen, både før dei gjekk på skulen og etter det var mørkt. Men om kvelden våga eg ikkje sleppa dei åleine. Dei eldste gutane kjenner ansvar for å skaffa mat til hushaldet, og smågutane ville vera med alt før dei var komne i

skulealderen, ja – eine jenta og forresten. Når eg tenker attende på det er det ufatteleg at det gjekk bra. Det var heller ikkje få gonger nokon av småborna fall på sjøen, men berga vart dei kvar gong. Sjøen vart både ein leikeplass og arbeidsplass for dei.

– Om eg har hatt dårlege nerver? Nei, heldigvis ikkje, då veit eg ikkje korleis det hadde gått. Eg har alltid hatt ei god helse, eg er visstnok av det dei kallar ei sterk slekt. Så prøver eg no å trimma og gå å henta posten, når det ikkje er glatt som no, vel og merka.

At det er trim å henta posten for ho Hanna, ja, det kan vi skriva under på. Fyrst ein smal,

bratt sti oppgjennom nokre steinklover, for det ber nedover i stupbratt terreng over glatte steinar, over ei smal fjøl som tener til bru over ein bekk og endå er det hundre meter att bort til hovudvegen der postkassane står.

Mannen til Hanna, Daniel, døydde i slutten av januar 1940 etter å ha vore sjuk i mange månader. I denne tida gjekk far hans inn for å lære dei eldste gutane opp til å verta fiskarar, for han sjølv døydde i året etter sin. Kunnskapane hangreidde å gje dei unge gutane kom vel med i åra som fylgde, og dei fem gutane heldt også seinare i livet fast ved sjømann- og fiskaryrket. Dei tre dotrene er på same

– Ho Hanna er flittig med strikkepinnane, no som før. Det er ikkje få par lubber ho har produsert opp gjennom åra.



vis gift med sjømenn og fiskarar.

Bordbøn

«Gjev oss i dag vårt daglege brød» står det svidd inn i eit trefat som heng på veggen i den lune stova, ei bøn som verkeleg hadde meining då det roynde på som verst.

– Når eg tenkjer tilbake på den tida er det ufatteleg at me ikkje svalt. Forresten så tykkjer eg det er trist at mange born i dag ikkje vart opplært til å be for maten. Den gongen nytta det heller ikkje for borna å klaga på høyra i dag. Eg var nøydd til å servera sild og poteter til middag to gonger for dagen, men me kunne no variera mellom salta og røykt sild, smiler Hanna, og kjem inn frå kjøket med heimebakte kaker og kaffi.

– No var det ikkje berre sild me åt. Me hadde no eit par kyr, nokre smalar og potet- og kornåker, for ikkje å gløyma hønsa.

Vi ser ut vindauga på dei grå fjellknausane som stig i veret rundt det vesle huset, og slår frampå om kor kyrne fann beitemark.

– Ja, før det var eit stort problem, forklarar Hanna, og fortel om korleis dei sankt grønt lyng og tørka tare for å skaffa tilleggsfôr når høyet ikkje strakk til. Det var eit slit å skaffa dyra nok mat også.

Goynd mellom bergknausane tett utved havet ligg plassen Hellen. Det var svigerfar til Hanna som bygde dette huset i 1920.

Streng

Å haeineansvaret for oppseding, mat, kler, utdanning og mykje meir kan vera tungt nok for einselege, sjølv i vår moderne tid. Hanna medgjer at ho måtte vera svært streng for å få dei heile til å sviva. Skulle åtte born få gjera nett kva dei ville, og kva tid dei ville, så hadde det ikkje vorte leveleg for nokon.

Ho vaks sjølv opp i ein streng, kristen heim, slik mange heimar var på den tida. Også i skulestova hadde kristendomen stor plass, og katekisme, bibelsoge og kyrkjjesoge var hovudfag som skulle lærast på pugg.

– Eg hugsar godt ein gong eg ikkje våga å gå på skulen fordi eg ikkje kunne leksa. Då la eg meg beint fram ned i senga og spelte sjuk. Gav meg til å skjelva og ånka meg. Trur du ikkje at læraren same dagen kom heim til oss for å sjå kvifor eg ikkje hadde kome på skulen. Men han såg ut til å tru på skodespelet mitt, han også. Eg gjorde det ikkje fleire gonger, seier 76 åringen med eit skøyaraktig glimt i augnekroken.

Ho tykkjer det er fælt så mange lærebøker ungane må draga med seg til skulen kvar dag no for tida, og undrast på om kunnskapen dei får inn står i høve til boktalet.

– Kva tykkjer du om kvinnesakskvinnene?

Hanna nøler ikkje. – Eg ser det no slik at mor sin plass er i heimen. Ja, det gjer eg sannelig, men eg veit at det er mange som ikkje er samd med meg i det.

Eigen innsats

Den aldrende, men livsfriske kvinna ute ved havkanten på

Godde er ikkje den som kan seiest å ha tyngja ned det kommunale sosialbudsjettet gjennom tidene. Visstnok vart ho for ei tid sidan oppmoda til å sokja etter heimhjelp til å vaska det tyngste sänn ein gong i månaden. Men brev kom tilbake om at her var det ikkje fem ore att til Hanna på denne budsjettposten. – Egernolikevel glad eg er så frisk og sterk at eg kan ta alt husarbeidet sjølv. Det hadde no likevel vore godt med litt hjelp ein og annan gongen, men eg trur ikkje eg kjem til å sokja fleire gonger. Jentene i familien min er no forresten svært så hjelpsame mot meg på alle måtar.

Vi sit framfor ei kvinne som er van med å klara seg sjølv når det verkeleg roynar på, og som ikkje ser nokon sensasjon i det. Å sokja stat og kommune om hjelp til noko er unaturleg så lenge ho med eigeninnsats kan få utført sine nødvendige daglege gjeremål.

Ei ny tid

Tekniske hjelperåder har med åra funne sin plass i heimen på Hellen også. Støvsugar, komfyr, vaskemaskin og anna som gjer arbeidsdagen lettare for ei husmor, er vorten daglegdags også for Hanna. For få år sidan måtte heile familien ut og spa torv som vart tørka og nytta til brensel i eldhuset, – no er det berre å «skru på knotten», som ho sjølv seier det.

Vi pratlar om laust og fast, men kva me enn talar om så kjem ho inn på familien, borna, dei 25 barneborna, dei 5 olde-

borna og alle dei gilde svigerborna. Albumar vert dregne fram, og dei mange bileta i glas og råde på veggane fortel sitt om hennar kjære som ho støtt tenkjer på, og ofte har vitjing av.

Det vesle huset ved sjøkanten hyser både ljose og mørke minne frå fortida. Her var det ho gifte seg berre 21 år gamal. Då var det fullt hus med gjester, og festen varde i heile to dagar. I denne heimen fekk ho alle borna sine, og på denne staden ynskjer ho å bu så lenge ho kan klara seg sjølv.

Hanna Hellen sin kvardag er ikkje travel lenger, og heile huset andar av fred og varme. Eldste sonen har overteke huset og eigedomen, så ho slepp å vera åleine. Langt er det til hovudvegen, og berre ein og annan motorbåten som sig framom huset, bryt stilla. Eit jetjagarfly susar over bergknausane og vitnar om ei ny tid, medan kattemor og ungen sit utfor glasiet i solveggen og kikar inn på framandkaren. Matgrytene står på plata og ventar på sonen som snart kjem heim frå dagens fiske, og Hanna sit i sofaen i den varme stova og strikkar på lubber til barneborn og oldeborn. Ho går inn i daglegstova og finn fram nokre hekleduk i ei skuff.

– Ta desse med heim til kona di, og velkomen attende.

– Kva skal du ta til med no då?

– Å, eg har nokre kler eg må stryka. Gå no forsiktig, så du ikkje dett og skamslår deg, for manarhomeg som hosikkert har gjort for så mange av sine så mang ein gong tidlegare.